



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2016 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 911 665 670  
Organisasjonsform: Samvirkeforetak  
Foretaksnavn: FJELBERG KRAFTLAG SA  
Forretningsadresse: Bjoanesvegen 69  
5454 SÆBØVIK

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2016 - 31.12.2016

### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Geir Atle Vangsnes  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 19.04.2017

### Grunnlag for avgivelse

År 2016: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2015: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2016

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 26.08.2019



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salgsinntekt	3	30 137 000	25 434 000
Annen driftsinntekt		1 297 000	1 258 000
<b>Sum inntekter</b>	2	<b>31 434 000</b>	<b>26 691 000</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad	5	14 148 000	12 801 000
Lønnskostnad	4	5 454 000	4 524 000
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	6	2 291 000	2 060 000
Annen driftskostnad	4	7 203 000	6 523 000
<b>Sum kostnader</b>		<b>29 095 000</b>	<b>25 907 000</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>2 339 000</b>	<b>784 000</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt	8	305 000	745 000
Annen finansinntekt	8	1 128 000	2 741 000
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>1 433 000</b>	<b>3 486 000</b>
Annan rentekostnad	8	614 000	147 000
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>614 000</b>	<b>147 000</b>
<b>Netto finans</b>		<b>819 000</b>	<b>3 339 000</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>3 158 000</b>	<b>4 123 000</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	10	8 000	627 000
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>3 150 000</b>	<b>3 496 000</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>3 150 000</b>	<b>3 496 000</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>3 150 000</b>	<b>3 496 000</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>3 150 000</b>	<b>3 496 000</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Konsernbidrag	9	3 150 000	3 496 000
<b>Sum overføringar og disponeringar</b>		<b>3 150 000</b>	<b>3 496 000</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	6	32 354 000	29 257 000
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	6	1 015 000	1 108 000
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>33 369 000</b>	<b>30 365 000</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringer i aksjer og andeler	7, 13	25 323 000	25 323 000
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>25 323 000</b>	<b>25 323 000</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>58 692 000</b>	<b>55 688 000</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Varer		818 000	714 000
<b>Sum varer</b>		<b>818 000</b>	<b>714 000</b>
<b>Krav</b>			
Kundefordringer		3 991 000	1 959 000
Andre fordringer	3	5 334 000	3 952 000
<b>Sum krav</b>		<b>9 325 000</b>	<b>5 910 000</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	11	27 837 000	28 666 000
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>27 837 000</b>	<b>28 666 000</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>37 980 000</b>	<b>35 290 000</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>96 672 000</b>	<b>90 978 000</b>

## BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten egenkapital</b>			
Selskapskapital	9	195 000	196 000
Overkurs	9	484 000	475 000
<b>Sum innskoten egenkapital</b>		<b>679 000</b>	<b>670 000</b>
<b>Opptent egenkapital</b>			
Annen egenkapital	9	70 046 000	66 895 000
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>70 046 000</b>	<b>66 895 000</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>70 724 000</b>	<b>67 566 000</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar		15 750 000	15 750 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>15 750 000</b>	<b>15 750 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>15 750 000</b>	<b>15 750 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	12, 13		
Leverandørgjeld		3 937 000	1 408 000
Betalbar skatt	10	321 000	627 000
Skyldige offentlige avgifter		2 398 000	2 383 000
Annen kortsiktig gjeld		3 542 000	3 245 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>10 198 000</b>	<b>7 662 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>25 948 000</b>	<b>23 412 000</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>96 672 000</b>	<b>90 978 000</b>



## Fjelberg Kraftlag



# Årsmelding 2016



## Fjelberg Kraftlag SA

Årsmelding og rekneskap for 2016

69. driftsår

<u>Innhald</u>	<u>side</u>
Dagleg leiar har ordet	2
Årsmelding frå styret	3
Resultatrekneskap	10
Balanse	11
Kontantstraumsanalyse	13
Noter til rekneskapen 2015	14
Melding frå revisor	20



## Dagleg leiar har ordet.

Å drifta straumnettet er den viktigaste samfunnsoppgåva Fjelberg Kraftlag har. Denne oppgåva tek me på alvor. Me har vaktordning 24 timar i døgnet og årlege beredskapsøvingar for å auka kompetansen og sikra rett utstyr. I vårt område er sterk vind og trefall dei største utfordringane i nettet vårt.

For Fjelberg Kraftlag er dei økonomiske verknaden betydeleg ved straumbrot, dette gjennom kompensasjon for ikkje levert energi (KILE) og kompensasjon direkte til kundar ved langvarige straumbrot.

### Avansert måle- og styringssystem (AMS)

Innan 1.1.2019 skal alle straumkundar i Norge ha tatt i bruk smarte straummålarar. Dette er straummålarar som kommuniserer direkte med datainnsamlingssystem ein gang per døgn. Dette fører til at straumkundane kan henta ned sine straumavlesingar og forbruk via nettsider og «Appar».

Fjelberg Kraftlag er med i eit større samarbeidsprosjekt kalla SORIA for denne utskiftinga av straummålarar.

Me vil starta utskiftinga av straummålarane i løpet av sommaren 2017 og skal ha skifta alle målarane hos våre kundar innan utgangen av 2017. Me vil kontakta kvar enkelt kunde direkte for å avtala utskifting av målar. Kundane vil få informasjonsbrev og seinare med personleg brev der me avtalar tidspunkt for utskifting av den aktuelle målar. Sjølve utskiftinga av målar er det firmaet OneCo som skal gjera.

### Lojale kundar

Fjelberg Kraftlag har lojale kraftkundar med ein marknadsdel på 93% i vårt område. Me leverer berre kraft i vårt konsesjonsområde.

I februar 2017 betalte me ut eit kjøpsrabatt på kr 1,5 mill. til våre medlemmar.

Eg vil retta ein stor takk til alle medlemmar, kundar, tilsette, styre og gode samarbeidspartnarar for eit godt samarbeid i 2016.

Med beste helsing

Geir Atle Vangsnes  
Dagleg leiar



## *Eigartilhøve og føremål*

Fjelberg Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirkeføretak. Det vart skipa 10. mars 1947 som eit partlag, men vart, med verknad frå 1.juni 2009, eit samvirkeføretak (SA) med vedtekter tilpassa samvirkelova som kom i 2007. Ved årsskiftet 2016/2017 har laget 977 medlemmer. Laget sitt forsyningsområde er det som tidlegare var Fjelberg kommune og som omfattar Halsnøy, Fjelbergøyane, Valen og Handeland.

Hovudføremålet for laget er å fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i forsyningsområdet gjennom å eiga, eller delta som eigar av produksjonsanlegg for energi, infrastruktur for energiforsyning og elektronisk kommunikasjon.

## *Styret*

Kraftlaget har eit styre som består av 5 medlemmer og 3 varamedlemmer som er valde av årsmøtet. Etter siste årsmøte har styret vore samansett slik:

		<u>Valperiode:</u>
Leiar:	Sverre Olav Handeland	2016-2017
Nestleiar:	Knut Hveem	2015-2017
Styremedlemmer:	Harald Sætre Arnevik	2015-2017
	Liv Iren Brekke	2016-2018
	Hildegunn Eiane Aarthun	2016-2018
Observatør frå dei tilsette:	Ingolf Sjo	2016-2018
Varamedlemmer:	1. Grete Lise Sjo	2016-2017
	2. Kjell Henning Sjo	2016-2017
	3. Tore Thorkilsen	2016-2017

Det har vore halde 5 styremøte og eit ordinært årsmøte i 2016 og styret har hatt 37 saker til handsaming dette året.



## *Eigarinteresser og medlemskap*

Kraftlaget har 111.216 aksjar i Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) bokført til kr 22.598.000,-, noko som inneber ein eigardel på 2,98 %.

I tillegg har kraftlaget desse eigarpostane:

- 0,5% i Fastlandssamband Halsnøy AS (bokført til kr 1.000,-)
- 20 % i Kvinnherad Breiband AS (bokført til kr 2.550.000,-)
- 23% i Dill AS (bokført til kr.150.000,-)
- 0,5% i Validèr AS (bokført til kr 24.000,-)

Kraftlaget er medlem i Energi Norge, Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet (REN), IFER Interesfefellesskap for energiverka i regionen, Kvinnherad Næringssservice og Haugaland-HMS. Styret har vedtatt utmelding frå Energi Norge.

## *Eigedomar og nett*

Fjelberg Kraftlag har følgjande eigedomar:

Administrasjonsbygg med kontor, lager, verkstad og garasjar på eigedomen på Bjoaneset, Sæbøvik.

Transportmidlar: Ein lastebil, 4 varebilar og ein truck.

Høgspenst fordelingsnett har ei samla lengd på 68 km, og lågspenst fordelingsnett på 186 km. Tal på nettstasjonar i 2016 er totalt 103.

## *Marknad / kundar*

Prisane for hushaldskundane som er medlemar i Fjelberg Kraftlag i 2016 var:  
(alle prisar inkl. mva):

• Kraftpris	34,55 øre/kWh
• Nettleige:	59,80 øre/kWh (v/ årsforbruk på 20.000 kWh inkl. fastavgift)
• Kjøpsrabatt	<u>-6,00 øre/kWh</u> ( 3 øre/kWh kraft og 3 øre/kWh nett)
	88,35 øre/kWh
• Enova	1,25 øre/kWh
• Grøne sertifikat	3,16 øre/kWh
• Forbruksavgift	<u>20,40 øre/kWh</u>
	24,81 øre/kWh

Total 113,16 øre/kWh (inkl. kjøpsutbytte)

Kraftlaget har utbetalt kr 1,5 million (inkl. mva) i kjøpsrabatt til medlemene beregnet på forbruk i år 2016. Kjøpsrabatt vert fordelt i høve til medlemene sin omsetning med laget.



## Kraftomsetning

Fjelberg Kraftlag har som målsetjing at kundane skal ha ein konkurransedyktig kraftpris, og har vald å tilby innkjøpspris + påslag som hovudprodukt. I tillegg tilbyr ein kraft på ein forvaltningsavtale til større næringskundar eller kundegrupper.

Kraftlaget sel berre kraft til kundar i eige nettområde. Krafta vert seld med eit lågt påslag, noko som kjem våre kundar til gode i form av låge prisar.


Kraftlaget sin kraftomsetning til sluttbrukarar i eige nettområde vart i 2016 auka med 0,6 % samanlikna med 2015, frå 35,0 GWh til 35,2 GWh. Andre kraftleverandørar i nettområdet stod for ei omsetning på til saman 2,5 GWh ( 7,2 %).

## Nettleige

Selskapet hadde 2026 nettkundar ved utgangen av 2016.

	År 2016	År 2015
Innmata kraft til området	40,0 GWh	39,8 GWh
Nett tap	5,4 % <u>-2,1</u> GWh	6,1 % <u>-2,4</u> GWh
Overført kraft til kundar	37,8 GWh	37,4 GWh


Sum innmating av kraft (forbruk + tap i nettet) til vårt nettområde har utvikla seg slik:





## Organisasjon

Fjelberg Kraftlag er organisert slik:



Kraftlaget hadde ved årsskiftet 2016/2017 6 tilsette, fordelt slik:


- Dagleg leiar / e- verksjef:	1,0 årsverk
- Økonomi og kundekontakt:	1,0 årsverk
- Overmonter / arbeidsleiing	1,0 årsverk
- Montører	3,0 årsverk
<b>Totalt</b>	<b>6,0 årsverk</b>

Selskapet leiger tenester for el-tilsyn (DLE), overordna vakt samt rekneskaps-, løns- og økonomitenester.

## Likestilling

I selskapet er det ein kvinneleg tilsett med 1 årsverk innan administrasjonen. Selskapet er i ein bransje som tradisjonelt er svært mannsdominert, då det innan energimontørfaget finst svært få kvinnelege arbeidstakarar. Selskapet vil i eventuelle søknader etter nytt personell spesielt oppmoda kvinner om å søke.

Av selskapet sine styremedlemmer er 40 % kvinner og 60 % menn.



### **Helse- miljø og tryggleik**

Det var i 2016 ikkje registrert arbeidsulukker med fråvær. Korttids sjukefråvær som selskapet har kostnadar med var i 2016 på 0,8 % medan tilsvarande tal for 2015 var 2,1 %.

Kraftlaget har vald verneombod, men har ikkje oppretta arbeidsmiljøutval. Ein er vidare medlem i International SOS for alle tilsette. Fjelberg Kraftlag er ei bedrift som ikkje ureinar det ytre miljøet.

### **Utdanning og kurs.**

Selskapet sine tilsette har gjennomført lovpålagd årleg opplæring i 2016.

## ***Nettdrift og vedlikehald***

### **Kraftforsyning / Nettdrift**

Fjelberg Kraftlag dekkjer eit område på ca. 60 km<sup>2</sup> (tidlegare Fjelberg og deler av Skånevik kommunar, no del av Kvinnherad kommune) med ca. 3.000 innbyggjarar.

### **Anlegg**

I samsvar med retningsliner og krav er det gjennomført kontrollar av nettstasjonar, linjer og jordelektrodar. Me har utført befarung av alle høgspenningslinjer til fots. I tillegg har me drive med hogging av skog langs lågspent og høgspenninglinjer, med eigen ansatte og innleige. Me har fått utvida hogsttrasear hos enkelte grunneigarar, og dermed auka tryggleiken for desse linjepartia. Dette er noko me jobbar med kontinuerleg.



I 2016 har me jobba med omlegging av høgspenningslinja Kloster – Breidablikk, med tilhørande nettstasjonar. Her har høgspenningslinja med råtne stolar blitt erstatta med høgspenningsjordkabel. Hos Halsnøy Dokk har installert nytt anlegg for landstraum til båt som ligger i opplag.

Me har starta med vårt arbeid med byggefelta i: Heio, Sandvikjo, Landasjøen, Bjørkestølen og Fjelberg(Hyttefelt).

## **Driftsavbrot**

2016 har det vore 7 registrerte avbrot på høgspenningsnettet. Av desse var 2 feil på eige nett, 1 feil på andre nett og 4 planlagde utkoplingar. I romjula fekk me utfall på grunn av torever.

## **Veglys**

Fjelberg Kraftlag utfører drift og vedlikehald av kommunale veglys på oppdrag frå Kvinnherad kommune. For nyare veglysanlegg langs riks- og fylkesveggar er det Statens vegvesen som har ansvar for drift og vedlikehald.

## **Beredskap**

Fjelberg Kraftlag har døgkontinuerleg beredskapsordning med montør på heimevakt og felles overordna vakt med Kvinnherad Energi. Selskapet tek også del i eit felles beredskaps-samarbeid i regionen. Fjelberg Kraftlag er ein del av kraftforsyninga si beredskapsorganisasjon(KBO).

## **Det lokale el-tilsyn ( DLE )**

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har pålagt DLE (Det lokale el-tilsyn) ved Fjelberg Kraftlag å ivareta tilsynsverksemda i Fjelberg Kraftlag sitt forsyningsområde. Det praktiske arbeidet med utføring av denne verksemda har i 2016 vore utført i fellesskap med Skånevik Ølen Kraftlag og Etne Ellag.

I 2016 har DLE utført følgjande:

- 74 stk. kontroll av hus/leilegheiter
- 24 stk. kontrollar av hytter
- 2 stk. forsamlingslokaler
- 12 stk. revisjonar
- Informasjon til barneskular, Halsnøy og Valen Skule
- Informasjon til ungdomskule, Øyatun
- Informasjon til heimesjukepleie
- Informasjon til «tirsdaysklubben»



## **Energiøkonomisering ( ENØK )**

I områdekonsesjonen er Fjelberg Kraftlag pålagt å driva ENØK verksemd. Dette vert no ivareteke av det statlege selskapet Enova og vert finansiert gjennom 1,0 øre/kWh som ein del av nettleigetariffane.

### ***Selskapets utvikling og posisjon i lokalsamfunnet***

Styret ønskjer å byggja vidare på selskapet sin solide posisjon i lokalsamfunnet i dei bygdene som utgjer selskapet sitt nettområde, og å bevare selskapet som eit kundeeigd samvirkeføretak med kraftforsyning som hovudføremål og kjerneverksemd.

Selskapet har i 2016 utbetalt kr. 178.375,- til sponsor/rentestøtte etter forskotering av kr 15 mill. til utbygging av gang- sykkelsti på Halsnøy. Avtalen gjelder frå 25.11.2008 og frem til offentlig finansiering av gang- sykkelsti er på plass.

I tillegg kan selskapet sponse kultur- og nærmiljøtiltak med inntil kr 300.000,-, pr. 31.12.2016 er desse ikkje utbetalt.

## ***Årsrekneskap***

Driftsinntekter er auka frå kr 26,7 mill. i 2015 til kr 31,4 mill. i år 2016. Årsaka til dette er auka på omsett kraft og nettleige. Driftskostnader er auka frå kr 25,4 mill. i 2015 til kr 28,6 mill. i 2016.

Kraftlaget fekk i 2016 ingen tariffstøtte frå staten gjennom ordninga med utjavnings-tilskot.

Aksjeutbyte frå SKL sitt 2015- rekneskap vart i 2016 utbetalt med kr 1,1 mill. Forventa utbytte for 2016 frå SKL er kr 2,7 mill.

Årsresultat for 2016, etter skatt vart kr 3,2 mill. mot kr 3,5 mill. i 2015.

Totalbalansen i selskapet er pr. 31.12.2016 på kr 96,2 mill., av dette utgjer eigenkapital på kr 70,7 mill.. Selskapet har anleggsmidlar med bokført verdi på kr 58,7 mill.. Dette er i hovudsak bokført verdi av selskapet sitt lågspent- og høgspentnett, alle nettstasjonar og selskapet sine aksjar i Kvinnherad Breiband og Sunnhordland Kraftlag AS. Omløpsmidlar er på kr 35,7 mill., av dette er bankinskott på kr 27,8 mill.. Selskapet sin økonomiske stilling er svært god.

Styret har lagt til grunn framleis drift av Fjelberg Kraftlag SA.



### *Resultatdisponering*

Styret foreslår slik disponering av årets resultat:


- kr. 3.150.000,- vert overført til annan eigenkapital.


Sæbovik 30. mars 2016  
Styret i Fjelberg Krafilag SA


  
Sverre Olav Handeland  
Styreleiar

  
Knut Eriksen Hveem  
Nestleiar

  
Harald Sætre Arnevik  
Styremedlem

  
Liv Ine Hillestad Brekke  
Styremedlem

  
Hildegunn Eiane Aarhun  
Styremedlem

  
Geir Atle Vangsnes  
Dagleg leiar



Fjelberg Kraftlag SA  
Resultatrekneskap

Alle tal i 1000 kr

NOTER	DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2016	2015
	Salsinntekter energi	10 042	8 515
3	Salsinntekter nett	20 095	16 919
	Andre inntekter	1 297	1 258
2	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>31 434</b>	<b>26 691</b>
5	Enegikjøp m.v.	9 329	8 414
	Overføring overliggjande nett	4 819	4 387
4	Løn og personalkostnader	5 454	4 524
6	Avskrivinger	2 291	2 060
4	Andre driftskostnader	6 724	6 014
2	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>-28 617</b>	<b>-25 398</b>
	<b>Driftsresultat før stønadstiltak</b>	<b>2 817</b>	<b>1 293</b>
	Stønadsmidler til kultur og nærmiljøtiltak	300	300
	Stønadsmidler vegfinansiering	178	209
	<b>Driftsresultat etter stønadstiltak</b>	<b>2 339</b>	<b>784</b>
8	Rente og finansinntekter	305	745
8	Aksjeutbytte	1 128	2 741
8	Rente og finanskostnader	-614	-147
	<b>Netto finansposter</b>	<b>819</b>	<b>3 339</b>
	<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	<b>3 158</b>	<b>4 123</b>
10	Skattekostnad på ordinært resultat	-8	-627
	<b>Ordinært resultat</b>	<b>3 150</b>	<b>3 496</b>
	<b>Overføringer</b>		
9	Avsett til annen egenkapital	3 150	3 496
	<b>Sum overføringer</b>	<b>3 150</b>	<b>3 496</b>



Fjelberg Kraftlag SA  
Balanse pr. 31. desember

Alle tal i 1000 kr

NOTER	EIGEDLAR	2016	2015
	<b>Anleggsmiddel</b>		
	<b>Varige driftsmiddel</b>		
6	Bygninger og fordelingsnett	32 354	29 257
6	Maskinar, inventar og lignande	1 015	1 108
	<b>Sum varige driftsmiddel</b>	<b>33 369</b>	<b>30 365</b>
	<b>Finansielle anleggsmiddel</b>		
7, 13	Investeringar i aksjar og partar	25 323	25 323
	<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>	<b>25 323</b>	<b>25 323</b>
	<b>Sum anleggsmiddel</b>	<b>58 692</b>	<b>55 688</b>
	<b>Omløpsmiddel</b>		
	<b>Materiallager</b>	<b>818</b>	<b>714</b>
	<b>Krav</b>		
	Kundekrav	3 991	1 959
3	Fordring mindreinntekt	4 719	3 306
	Andre krav	615	646
	<b>Sum krav</b>	<b>9 325</b>	<b>5 910</b>
11	Bankinnskott, kontantar og lignande	27 837	28 666
	<b>Sum omløpsmiddel</b>	<b>37 980</b>	<b>35 290</b>
	<b>SUM EIGEDLAR</b>	<b>96 672</b>	<b>90 978</b>




Fjelberg Kraftlag SA  
Balanse pr. 31. desember

Alle tal i 1000 kr

NOTER	GJELD OG EIGENKAPITAL	2016	2015
	<b>Eigenkapital</b>		
	<b>Innskoten eigenkapital</b>		
9	Partskapital (ikkje innløyst)	195	196
9	Medlemskapital	484	475
	<b>Sum innskoten eigenkapital</b>	<b>679</b>	<b>670</b>
	<b>Opptent eigenkapital</b>		
9	Annan eigenkapital	70 046	66 895
	<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>70 046</b>	<b>66 895</b>
	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>70 724</b>	<b>67 566</b>
	<b>Gjeld</b>		
	Gjeld til kredittinstitusjonar	15 750	15 750
	<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	<b>15 750</b>	<b>15 750</b>
	<b>Kortsiktig gjeld</b>		
	Leverandørgjeld	3 937	1 408
10	Betalbar skatt	321	627
	Diverse trekk, offentlege avgifter	2 398	2 383
	Anna kortsiktig gjeld	3 542	3 245
	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>10 198</b>	<b>7 662</b>
	<b>Sum gjeld</b>	<b>25 948</b>	<b>23 412</b>
	<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>96 672</b>	<b>90 978</b>


Sæbøvik, 30.03.2017  
Styret i Fjelberg Kraftlag SA

  
Sverre Olav Handeland

  
Knut Eriksen Hveem

  
Harald Sætre Arnevik

  
Liv Iren Hillestad Brekke

  
Hildegunn Eiane Aarthun

  
Geir Atle Vangsnes



## Fjelberg Kraftlag SA

### Kontantstramanalyse

Alle tal i 1000 kr	2016	2015
<b>KONTANTSTRAUMER FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:</b>		
Ordinært resultat før skattekostnad	3 158	4 123
Periodens betalte skatt	-18	-793
Ordinære avskrivningar	2 291	2 060
Endring i materiallager	-105	156
Endring i kundekrav	-2 031	1 779
Endring i leverandørgjeld	2 529	-2 612
Endring i andre omløpsmidlar og andre gjeldspostar	-1 065	909
<b>Netto kontantstrømmer frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>4 759</b>	<b>5 621</b>
<b>KONTANTSTRAUMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidler	-5 295	-3 823
Utbetalningar til investeringar i finansielle anleggsmidler	0	-22 500
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-5 295</b>	<b>-26 323</b>
<b>KONTANTSTRAUMER FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	0	15 750
Innbetaling av egenkapital	7	25
<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>7</b>	<b>15 775</b>
Netto endring i bankinnskott, kontantar og liknande	-529	-4 927
Beholdning av bankinnskott, kontantar og liknande pr 01.01.	28 366	33 293
<b>Beholdning av bankinnskott, kontantar og liknande pr 31.12.</b>	<b>27 837</b>	<b>28 366</b>



## Fjelberg Kraftlag SA

### Noter til årsrekneskapen 2016

#### Note 1 Rekneskapsprinsipp

Alle tal i 1.000 kr om ikke annet er oppgitt.

Rekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslov og god rekneskapskikk.

##### Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendelar og gjeld

Eiendelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Krav som vert betalt tilbake innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved vurdering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Anleggsmidler er vurdert til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom denne er lågare enn bokført verdi, og det ikkje er venta at verdifallet er forbigåande. Anleggsmidler med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne etter fastsett plan.

Langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

##### Aksjar og partar i tilknytt selskap

Investeringar i tilknytt selskap vurderast etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi når det er venta at verdifallet ikkje er forbigåande og det er nødvendig etter god rekneskapskikk. Mottatt utbytte og konsernbidrag frå tilknytt selskap er inntektsført som finansinntekt.

##### Aksjar og partar klassifisert som anleggsmidler

Investeringar i aksjar og partar der selskapet ikkje har monaleg påverknad, er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall når det er venta at dette ikkje er forbigåande. Mottatt utbytte frå selskapa er inntektsført som finansinntekt.

##### Varer

Varer er vurdert til lågaste av innkjøpskost og netto salsverdi.

##### Inntekter

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vere tilfellet når varen er levert til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

##### Fordringar

Kundekrav og andre krav er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av kvart einiskild krav.

##### Bankinnskott, kontantar og liknande

Bankinnskott, kontantar og liknande inkluderer kontantar, bankinnskott og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

##### Kostnader

Kostnader vert rekneskapsført som hovedregel i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfelle det ikkje er ein klar samanheng mellom utgifter og inntekter, vert fordelinga fastsett etter skjønn.

##### Skattar

Skattekostnad i resultatrekneskapen er periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt.

Skattekostnad og betalbar skatt gjeld berekna formuesskatt som vert betalt i påfølgande år og korrigeringar frå tidlegare år.



## Fjelberg Kraftlag SA

### Noter til årsrekneskapen 2016

#### Note 2 Verksemdsfordelt rekneskap

	Kraft- omsetnad	Distri- busjon	Andre tenester	Sum selskap
Kraftsal eksternt	10 042	-	-	10 042
Utjamningstilskot	-	-	-	-
Overføringsinntekter	-	20 095	-	20 095
Andre inntekter	25	54	1 218	1 297
<b>Sum inntekter</b>	<b>10 067</b>	<b>20 149</b>	<b>1 218</b>	<b>31 434</b>
Kraftkjøp	9 329	-	-	9 329
Nettap	-	569	-	569
Kostnader overliggjande nett	-	3 971	-	3 971
Andre kostnader	-	279	-	279
<b>Sum kjøpskostnader</b>	<b>9 329</b>	<b>4 819</b>	<b>-</b>	<b>14 148</b>
<b>Sum bidrag</b>	<b>738</b>	<b>15 330</b>	<b>1 218</b>	<b>17 286</b>
Personalkostnader	405	4 602	447	5 454
Andre driftskostnader	807	5 828	89	6 724
Avskrivningar	10	2 271	10	2 291
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 223</b>	<b>12 701</b>	<b>546</b>	<b>14 469</b>
<b>Driftsresultat før stønadstiltak:</b>	<b>-485</b>	<b>2 629</b>	<b>672</b>	<b>2 817</b>

#### Note 3 Mer-/Mindreinntekt

<b>Beregning av tillatt inntekt</b>	
Inntektsramme	14 582
Avvik mer-/mindreberegning tidligere år	1 066
Kostnader overliggjande nett	3 971
Eiendomsskatt	279
Justering for tidsetterslep i avskrivninger/avskrivningsgrunnlag	548
KILE	(321)
<b>Tillatt inntekt for året</b>	<b>20 125</b>
<b>Beregning av faktisk inntekt</b>	
Overføringsinntekter	18 682
Andel purregebyrer/morarenter	64
Overskudd ventetariff	-
Andre inntekter	27
<b>Sum faktiske inntekter</b>	<b>18 773</b>
Årets mer-/mindreinntekt	1 352
Rente på mer-/mindreinntekt	61
<b>Årets mer-/mindreinntekt</b>	<b>1 413</b>
Inngående balanse mer-/mindreinntekt	3 306
Årets endring i mer-/mindreinntekt inkl. rente	1 413
<b>Utgående balanse mer-/mindreinntekt</b>	<b>4 719</b>

Kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikke levert energi innebærer at nettariffene over tid vil bli påvirket av omfanget av ikke levert energi. Norges vassdrags- og energidirektorat tildeler årlig kilekostnad for Fjelberg Kraftlag. Dersom kostnaden med for mange strøbrudd overstiger tildelt kilekostnad vil dette kunne medføre at vi må yte kompensasjon til våre kunder i form av redusert nettariff.



## Fjelberg Kraftlag SA

### Noter til årsrekneskapen 2016

#### Note 3 Meir-/Mindreinntekt forts.

##### Beregning av tidsetterslep i avskrivninger/avskrivningsgrunnlag

Avskrivninger for 2 år siden	1 940
Avskrivninger i år	2 271
Avvik avskrivninger	331
Avkastningsgrunnlag for 2 år siden	28 610
Avkastningsgrunnlag i år	32 045
Avvik avkastningsgrunnlag	3 435
NVE-rente	6,32 %
Korreksjon for avvik i avkastningsgrunnlag	217
Sum justering for tidsetterslep i avskrivninger/avskrivningsgrunnlag	548

Avkastningsgrunnlag:	01.01.2016	31.12.2016	Gj.snitt
Driftsmidler	29 867	31 728	30 798
Nettoarbeidskapital 1%	299	317	308
Sum avkastningsgrunnlag	30 166	32 045	31 105
Driftsresultat distribusjon			2 629
Avkastning i %			8,45 %

#### Note 4 Personalkostnader og ytingar til leiande personar

Lønnskostnad	2016	2015
Lønn	4 279	4 527
Folketrygdavgift	598	529
Pensjonskostnader	1 341	519
Andre ytingar	222	75
Sum	6 440	5 650
Aktivert løn til egne investeringar	-986	-1 126
Netto lønskostnader i resultatrekneskapen	5 454	4 524

Arsverk sysselsett i regnskapsåret

	6	6
--	---	---

Ytingar til leiande personar	Løn	Pensjonskostnader	Annen godtgjersle
Dagleg leiar	921	18	12
Styret	197	-	-

##### Pensjon

Selskapet sitt pensjonsansvar er sikra ved kollektiv pensjonsordning. Kostnadsført beløp for pensjon tilsvarer betalt premie. Selskapet har ikkje innarbeidd generelle forpliktingar i rekneskapen. Pensjonsordninga tilfredsstiller krava til obligatorisk tenestepensjon.

##### Revisor

Godtgjersle til revisor i 2015 utgjør 120, herav 63 for lovpålagt revisjon og 57 for andre tenester.

#### Note 5 Energikjøp

##### Sluttbrukarmarknaden:

Innkjøp av kraft for vidaresal til den største gruppa av sluttbrukarkundar skjer til løpande spotpris.

Ei gruppe næringskundar har avtale om kjøp på ein forvaltningsavtale som sikrar dei fastpris for kvart heile leveringsår. Kjøp til denne porteføljen vert gjort som sikringshandel av finansielle kontraktar gjennom Fjordkraft Alliansen.

Fjelberg Kraftlag har stilt bankgaranti mot Nordpool med 244.000 EUR



## Fjelberg Kraftlag SA

### Noter til årsregnskapen 2016

#### Note 6 Varige driftsmidler

	Distrib. nett	Bygninger og tomt	Utstyr, transportm., verktøy o l	Anlegg under utførelse	Sum
Innkjøpskost 01.01.	53 000	5 982	5 996	234	65 212
Tilgang kjøpte driftsmidler	3 969	-	170	1 156	5 295
Avgang	-	-	-	-	-
Innkjøpskost 31.12.	56 969	5 982	6 166	1 390	70 507
Akk. avskrivningar 31.12.	28 808	2 841	5 079	-	36 728
Akk. nedskrivningar 31.12.	339	-	71	-	410
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>	<b>27 822</b>	<b>3 141</b>	<b>1 016</b>	<b>1 390</b>	<b>33 367</b>
Årets avskrivningar	1 900	126	263	-	2 291
Årets nedskrivningar	-	-	-	-	-
Avskrivningssats	2 - 4 %	2 %	7 - 33 %	-	-
Avskrivningsplan	lineær	lineær	lineær	avskrives ikke	-

#### Note 7 Anleggsaksjar

	Eigarandel	Balanseført verdi
Kvinnherad Breiband AS	20,0 %	2 550
Sunnhordland Kraftlag AS	3,0 %	22 598
Validør AS	0,5 %	24
Fastlandssamband Halsnøy AS	0,5 %	1
Dill AS	23,0 %	150
<b>Sum</b>		<b>25 323</b>

#### Note 8 Rente- og finansposter

	2016	2015
<b>Rente- og finansinntekter</b>		
Renter av bankinnskott	229	434
Annen renteinntekt	1	-29
Innbetalte morarenter	75	78
Aksjeutbytte	1 128	2 741
Agio vinning	-	261
Urealisert kursgevinst kortsiktig pengeplassing	-	-
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>1 433</b>	<b>3 485</b>
<b>Rente- og finanskostnader</b>		
Rentekostnader	375	135
Renter partsutløsningar	6	12
Urealisert kurstap kortsiktig pengeplassing	-	-
Realisert kurstap kortsiktig pengeplassing	-	-
Agio tap	233	-
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>614</b>	<b>147</b>



## Fjelberg Kraftlag SA

### Noter til årsrekneskapen 2016

#### Note 9 Partskapital, medlemskapital og eigarinformasjon

Fjelberg Kraftlag gjekk 1.6.2009 fra å vere eit partslag til å vere eit samvirkelag. Gamle partar vil verte innløyste ved at partsinnskott vert betalt attende med tillegg av rente frå tekningsåret. Alle gamle partshavere har fått godskrive eit medlemsinnskott kr 500.

Kapitalen i selskapet pr 31.12.16 består av:

	Antall	Bokført
Medlemskapital	968	484
<b>Sum</b>	<b>968</b>	<b>484</b>

Alle personar som er busette i, eller organisasjonar med forretningsadresse i Fjelberg Kraftlag sitt forsyningsområde, og som kjøper varer eller tenester frå laget, kan vera medlem. Alle medlemmer har lik rett til å røyste på årsmøtet.

	Parts- midlar	Medlems- innskott	Annen eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.16	196	475	66 895	67 565
<u>Årets endring i eigenkapital:</u>				
Netto innløyising av partar	-1	8	-	7
Årets resultat	-	-	3 150	3 150
Avsett kjøpeutbytte	-	-	-	-
<b>Eigenkapital 31.12.16</b>	<b>195</b>	<b>484</b>	<b>70 045</b>	<b>70 724</b>

#### Note 10 Skattekostnad

<b>Årets skattekostnad:</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Betalbar formuesskatt	321	627
Korrigert skatt tidligare år	-313	-
<b>Skattekostnad ordinært resultat</b>	<b>8</b>	<b>627</b>

<b>Betalbar skatt i balansen:</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Betalbar formuesskatt	321	627
<b>Betalbar skatt i balansen</b>	<b>321</b>	<b>627</b>

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjellar og underskott til framføring:

	2016		2015	
	Fordel	Forpliktning	Fordel	Forpliktning
Driftsmidlar	3 868	-	3 059	-
Fordringar	596	-	187	-
Mer-/mindreinntekt	-	4 719	-	3 305
Underskott til framføring	15 552	-	17 408	-
<b>Sum</b>	<b>20 016</b>	<b>4 719</b>	<b>20 654</b>	<b>3 305</b>
Netto utsett skattefordel	3 671	-	4 337	-
Ikkje balanseført utsett skattefordel	3 671	-	4 337	-
<b>Netto utsett fordel/forpl. i balansen</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

#### Note 11 Bankinnskott

Bankinnskott, kontantar o.l. omfattar bundne skattetrekksmiddel med 293.



**Fjelberg Kraftlag SA**  
Noter til årsrekneskapen 2016

**Note 12 Annen langsiktig gjeld**

Gjeld som forfaller mer enn fem år etter regnskapsårets slutt:

	2016	2015
Gjeld til kredittinstitusjoner	15 750	15 750
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>	<b>15 750</b>	<b>15 750</b>

Lånet er avdragsfritt frem til 25.06.2021.

**Note 13 Pantstillelser og garantier m.v.**

Bokført gjeld som er sikret ved pant og lignende	2016	2015
Gjeld til kredittinstitusjoner	15 750	15 750
<b>Sum</b>	<b>15 750</b>	<b>15 750</b>

Bokført verdi av eiendeler stilt som sikkerhet for bokført gjeld	2016	2015
Aksjer Sunnhordland Kraftlag AS	22 597	22 597
<b>Totalt</b>	<b>22 597</b>	<b>22 597</b>



# Deloitte.

Deloitte AS  
Sundgaten 119  
Postboks 528  
NO 5527 Håugesund  
Norway

Tel. +47 52 70 25 40  
www.deloitte.no

Til årsmøtet i Fjelberg Kraftlag SA

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

## Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

### Konklusjon

Vi har revidert Fjelberg Kraftlag SA sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 3 150 000. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tiisikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørlig måte opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities ("DTL" and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

© Deloitte AS

Registret i foretaksregisteret  
Medlemmer av Østnorske Revisorforening  
Organisasjonsnummer: 980 211 282

# Deloitte.

## *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis driftføresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

## **Utsegn om andre lovmessige krav**

### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg




**Deloitte.**

registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund 4. april 2017  
Deloitte AS



Jørn Marcussen  
statsautorisert revisor



**Fjelberg Kraftlag**

*- til felles nytte*